

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 18. APRIL 2009

Stad: Majorstuen, Evjemoen, kl.11.00-14.30.

Til stades: Om lag 45 direktmedlemer/lokallagsrepresentantar.

Innleiing: Styreleiar Beint Foss ynskte velkomen.

Han var forsongar på Mellom bakkar og berg, som heile møtelyden stemde i med. Kathrin Pabst heldt eit verkeleg innlevande føredrag om "Kulturhistoriske musé på nye vegar. Mellom krav frå staten, folket og opplevingsøkonomien." Klokka 12.30 var det middag.

Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Leonhard Jansen vart vald til møteleiar.

Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend.

Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Alvhild Gulbrandson (Vestre Moland og Lillesand Historielag) og Olav Arne Kleveland (Evje og Hornnes Sogelag) vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend. Det vart samstundes orientert om at landsmøtet i Landslaget for Lokalhistorie skal vere på sørlandet i år (Sørlandsparken), og Agder Historielag og dei ikringliggjande historielaga er praktiske tilskiparar for møtet.

Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Ragnhild Skarsten Larsen la fram rekneskapen, som viste 95.666 kroner i overskot i 2008. Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var prenta i EGDE. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 6 VEDTEKTER

Vedtektene som vart delte ut på årsmøtet i fjor, hadde ikkje heilt samsvar med dei vedtektene som var prenta i EGDE. Reint formelt måtte difor vedtektene opp på nytt. For ordens skuld gjekk skrivaren gjennom dei få stadene det ikkje var samsvar.

Årsmøtelyden godkjende vedtektene samrøystes.

Sak 7 INNKOMNE SAKER

Det var ingen innkomne saker.

Sak 8 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for det framlagde budsjettet som Ragnhild la fram.

Sak 9 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Jørdis Hodnemyr (Vennesla), Olav Arne Kleveland (Evje) og Per T. Knudsen (Kr.sand). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blommar til avtroppande styremedlem Jan Arild Andersen og dvd'en med Sturla Ertzeid til dei to som gjekk ut av valnemnda i år; Olav Arne Kleveland og Jørdis Hodnemyr.

Turnemnda v/Olav Arne Kleveland nytta høvet til å drive reklame for turane i nemnda.

Styret i Agder Historielag:

AUST-AGDER	DIREKTE MEDL.	VEST-AGDER	DIREKTE MEDL.
Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Anders Auen Grimnes V.Moland+Lill.historielag	Styremedlem Attvald for 2 år	Beint Foss Tveit Historielag
Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Kristian Sundtoft V.Moland+Lill.historielag	Varamedlem Attvald for 2 år	Helge Wiig Holum Historielag
AUST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.	VEST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.
Styremedlem Attvald for 2 år	Hallvard Tveit Valle Sogelag	Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Inge Augland Torridal Historielag

Varamedlem Nyvald for 2 år	Birgit Attestog Valle Sogelag	Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Liv Kirsten Rølland Tveit Historielag
Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Ellen Ledaal Gjertsen Arendal Historielag	Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Ragnhild S. Larsen Flekkefjord Historielag
Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Sveinung Lien Tvedestrand Historielag	Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Kari Bruli Kvinesdal Historieag
Styremedlem Nyvald for 2 år	Eilert Skjævestad Tromøy Historielag	Styremedlem NB:Nyvald for 1 år	Olaf Ingebretsen Vennesla Historielag
Varamedlem Attvald for 2 år	Jan A. Ommundsen Tromøy Historielag	Varamedlem Nyvald for 1 år	Gerd Lillian Olsen Søgne Historielag

Leiar: Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

Nestleiar: Ellen Ledaal Gjertsen frå Lillesand, nyvald for 1 år

Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Valnemnda: Bernt Gautestad (nyval 2 år), Ellinor Lundberg (ikkje på val, 1 år att), Per T. Knudsen (ikkje på val, 1 år att), Kjell Ove Sætren (nyval 2 år)

Utsending til årsmøtet i Landslaget:

Vest-Agder: Beint Foss

Aust-Agder: Ellen Ledaal Gjertsen

Protokoll signert Olav Arne Kleveland og Alvhild Gulbrandson

Referent: Borghild Løver